

## Eit merkeleg bilete

I gamle, gamle dagar hende det noko i ein landsby i Japan. Ein mann fann eit bilete mens han gjekk på ein veg. Det var eit bilete av hans eigen far. Mannen lurte veldig på korleis biletet hadde hamna der. Han tok vare på biletet. Han gøymde det inst i eit skap, utan å vise det til kona si.

Ein dag fann kona biletet. Men no var det ei vakker ung jente på biletet! Kona blei sint, fordi ho trudde mannen var utru. Då mannen kom heim frå jobb, spurde ho han kvifor han hadde eit bilete av ei vakker jente i skapet sitt.

«Har du funne biletet av faren min?» ropte mannen.

Så begynte dei å krangle om kven som var på biletet. Mannen såg faren sin, mens kona såg ei vakker jente. Dei krangla og slost lenge. Så kom ein prest forbi. Han gjekk inn i huset og spurde kvifor dei krangla. Presten fekk sjå biletet dei krangla om. Han sa:

«Kjære dykk, de tek feil begge to. Dette er jo eit bilete av ein prest. Eg tek det med til tempelet mitt og hengjer det der.»

Mannen og kona forstod ingenting, men dei følte seg dumme og sa unnskyld til kvarandre. Og om du lurar på kva slags bilete det var, så må du reise til Japan, for der heng biletet i eit tempel.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 27.

Gjer oppgåvene 4–9.

